



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 13.03.2019  
Vår ref: 14/01121-14  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Ny Jord i Aukra kommune. Tiltakshavar: Odd Småge AS**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

### **1. Konsesjonen**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 18.06.2014 fra Odd Småge AS med org. nr. 954 505 170. Odd Småge AS med org. nr. 954 505 170, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av mineralske ressursar i Ny Jord på del av eigedomene gnr./bnr. 2/76, 3/34 og 3/98 i Aukra kommune. Mineralførekomensten hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 127 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan datert 26.09.2007 med plan-ID 200710 og namn «Massetak, Ny Jord» er området regulert til «massetak/friluftsområde» og «massetak/massedeponi/friluftsområde». I ettertid er det vedteken ny detaljreguleringsplan for utviding av massetaket Ny Jord, med plan-ID 1247201705.

DMF gjør merksam på at ein driftskonsesjon gjeve i medhald av minerallova ikkje erstattar krav til løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lov, gjeving. Tiltakshavar er ansvarlig for å innhente andre nødvendige løyve.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 100 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan ráde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, sjå vedlegg 2.
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, sjå vedlegg 3.
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, sjå vedlegg 4.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

DMF har registrert Frank Småge som bergteknisk ansvarleg for Ny jord. Det skal utan grunnlaust opphold sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **2.4. Andre vilkår**

Konsesjonsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjener driftsplanen for Massetak Ny Jord. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket, sjå vedlegg 5.

## **4. Høyring**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Aukra kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Statnett SF, Statens vegvesen, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og andre rørte partar.

Høyringsperioden var frå 16.01.2018 til 13.02.2018.

DMF har motteke høyringsfråsegn frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

### **Statens vegvesen**

Ein attgjeving av statens vegvesens høyringsfråsegn:



Statens vegvesen har ingen merknadar til at det gis driftskonsesjon i samsvar med søknaden.

*DMF sin kommentar*

*DMF tek Statens vegvesen sitt høyringsfråsegn til etterretning.*

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Ein attgjeving av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt høyringsfråsegn:

Natur- og miljøvern

I 2017 ble det starta opp reguleringsarbeid for massetaket, der vi meldte inn at massetaket blir utvida på ei myr med verdi B (regional verdi). Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er en intakt kystmyr over 50 dekar i sør-boreal sone. Utvidinga av planområdet ligg i kommuneplanen, og vi har ikkje varsla motsegn til planforslaget som er lagt fram. Krav til ferdigstilling av massetaket og naudsynte tiltak for å unngå drenering av omkringliggende myr er moment vi har spela inn i planarbeidet.

Konklusjon

Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til søknad om konsesjon for Ny Jord massetak, men viser til at krav om ferdigstilling og naudsynt tiltak for å unngå uheldig drenering av intakt myr bør inngå i driftsplana.

*DMF sin kommentar*

*DMF tek Fylkesmannen i Møre og Romsdalsitt høyringsfråsegn til etterretning. Vi viser til planbeskrivinga til ny detaljreguleringsplan for konsesjonsområdet. Der skriv Aukra kommune at «omringande terrenget til massetaket har fall frå massetaket, slik at dette ikkje vil bidra til å drenere omliggande myr.» DMF støtter seg til dei vurderingane som er gjort samband med planarbeidet.*

**Møre og Romsdal fylkeskommune**

Ein attgjeving av Møre og Romsdal fylkeskommune sitt høyringsfråsegn:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Det er sett i gang reguleringsprosess i området. Denne er ikkje ferdigstilt, og føresetnadene for å stille vilkår i konsesjon er derfor ikkje fullstendige. Utover dette har vi ikkje merknader.

*DMF sin kommentar:*

*DMF tek Møre og Romsdal fylkeskommune sitt høyringsfråsegn til etterretning.*

**5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.



Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekommsten. Dette inneber at ein skal legge vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekommsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekommsten som skal utvinnast hørar til kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekommsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram avtalar med grunneigarane for gnr./bnr. 2/76, 3/34 og 3/98 i Aukra komme, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalane gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekommsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekommsten.

### **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 127 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan datert 26.09.2007 med plan-ID 200710 og namn «Massetak, Ny Jord» er området regulert til «massetak/friluftsområde» og «massetak/massedeponi/friluftsområde». I ettertid er det vedteken ny detaljreguleringsplan for utviding av massetaket Ny Jord, med plan-ID 1247201705.

DMF ser på tiltakets arealmessige status som avklart.

### **5.3 Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifa som økonomisk skikka.

### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomensten innanfor arealet på 127 dekar som drifta gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 1 000 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 50 000 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagd drift i 4 etappar. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til friluftsområde.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Massetak Ny Jord godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjør ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten**

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Frank Småge som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.



Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

### **5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Konsesjonsområdet er i reguleringsplan datert 26.09.2007 med plan-ID 200710 og namn «Massetak, Ny Jord» regulert til «massetak/friluftsområde» og «massetak/massedeponi/friluftsområde». I ettertid er det vedteken ny detaljreguleringsplan for utviding av massetaket Ny Jord, med plan-ID 1247201705.

#### *Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjelder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråsegner og eigne søk i naturbase og artskart (giennomførte den 13.07.2017) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

#### *Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget:*

DMF har ved søk i naturbase og artskart ikkje gjort funn av prioriterte eller trua artar i konsesjonsområdet. Kva angår naturtypar, har DMF fått treff på ein viktig naturtype, kystmyr med namn «Hukkelberg-Hjertvik». Det er påpekt frå høyningsinstansene at det krev naudsynte tiltak for å unngå drenering av omkringliggjande myr. I planbeskrivinga til ny detaljreguleringsplan for konsesjonsområdet skriv Aukra kommune at «omringande terreng til massetaket har fall frå massetaket, slik at dette ikkje vil bidra til å drenere omliggande myr.» DMF støtter seg til dei vurderingane som nyleg er gjort i samband med planarbeidet.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Tiltaket påverkar ikkje naturmangfaldet i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8. I og med at naturmangfaldet i liten grad rørast av driftskonsesjonen og det ikkje kan peikast på effektar av tiltaket på verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar av §§ 10 til 12.

#### *Konsekvensar av tiltaket for kulturminner*

DMF har ved søk i naturbase ikkje gjort funn av freda kulturminna i konsesjonsområdet. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

#### *Forureining*

Massetaket kan føre til partikkelflukt til luft, med potensiale for påverknad av luftmiljø. Forureining i form av støv og støy regulerast av forureiningsforskrifta kapittel 30. DMF minna om meldeplikta til forureiningsmyndigheita, Fylkesmannen, ved oppstart eller endringar/utvidingar av verksemda.



## DMF sin konklusjon

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.8 Tilhøvet til omgjevnadane og nærliggjande område under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr. Det går fram av driftsplanen at massetaket er inngjerda for de områder der det går føre seg uttak og behandling, og det det er nødvendig for områder med større skråningshøgdar. Gjerder vert vist til i uttaksplanen. Anlegget er vidare skilta med informasjon til kundar. Utanfor arbeidstid er anlegget stengt med bom. Skråningane skal rundast av i botn og topp, og dei skal ha ein helling på 1:2 til 1:17. På skjæringstoppane der det er framleis pågående drift, og for områdane kor tilbakefylling ikkje er fullført, er det satt opp gjerder for å hindra fallulykker.

DMF har kome til at tilhøvet til omgjevnadane og nærliggjande område under drift ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg. Det går fram av søknaden at førekomsten, som består av gneis og granitt, hovudsakleg skal nyttast til produksjon av kabelsand, veggrus, isgrus, hagesingel, rørsingel, finsams, pukk, grovpukk og grovsams.

### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Det går fram av driftsplanen at bruddkantane skjermast av deponimassar, samtidig som det byggast opp lettare skråande terreng som mest mulig vert kledd med stadleg humusholdig materialar som gjer grunnlag for nytablering av naturlig, stadleg vegetasjon. Det skal vidare leggast opp til at dei enkelte etappane i størst muleg grad avsluttast fortløpende, og planerast som skildra, slik at det område som ligg avdekka til en kvar tid blir så lite som mogleg.

Ved avslutta uttak, skal alt av containere, driftsutstyr, infrastruktur og vidare vere rydda og fjerna frå området. Planområdet skal da gå over til å bli eit tiltalande fritids- og friluftsfremål. Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Søker foreslår å opprette ein bankforbindelse kor det setjast av kr 500 000.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**



Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheit skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheit vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Forslaget er godt under DMF sine erfaringstal for tilsvarande uttak. Det er blant anna ikkje tatt tilstrekkeleg høgde for massehandtering og arrondering, beplanting/tilsåing og fjerning av skrot og avfall. Vidare er det ikkje tatt tilstrekkeleg høgde for indirekte kostnadar, slik som konsulenttenester og upårekna kostnadar.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 100 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. mine rallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrottsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheit blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### Bankgaranti – oppstartsfasen

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoен då konsesjonsvedtaket bleigjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyre eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, ellertidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.



#### Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 100 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 0,70 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på ca. 16 år, det vil seie NOK 70 000 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 100 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,70 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan også ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan også gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

### **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell også bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a



Driftskonsesjonen kan ikke overdragast. Det gjeld også ved overdraging av utvinningsretten.

## 7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi vike før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal også sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikke blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikke føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikke medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta også gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til:

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekosten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## 8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikke finn grunn til å gjøre om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen



må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar. Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

### Med helsing

Maria Lauritzen  
seksjonsleiar

Marit Mia Bjørnstad  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.  
Sakshandsamar: Marit Mia Bjørnstad*

Vedlegg:

Kart over konsesjonsområdet.pdf  
Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse.docx  
Påkravsgaranti.docx  
Pantsettelseserklæring for enkle pengekrav.docx  
Godkjent driftsplan.pdf  
Godkjent driftsplan offentlig versjon.pdf

Mottakarar:

Odd Småge AS 6480 AUKRA

Kopi til:

|   |                       |                |
|---|-----------------------|----------------|
| Aukra kommune   | Aukra ringen 25       | 6480 AUKRA     |
| Møre og Romsdal fylkeskommune                           | Postboks 2500         | 6404 MOLDE     |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal                          | Postboks 2520         | 6404 MOLDE     |
| Statnett SF   | Postboks 4904 Nydalen | 0423 OSLO      |
| Statens vegvesen Region midt                            | Fylkeshuset           | 6404 MOLDE     |
| Norges vassdrags- og energidirektorat Region Midt-Norge | Abels gate 9          | 7030 TRONDHEIM |
| Kjell Arne Småge  | NYJORDVEGEN 85        | 6480 AUKRA     |
| Arne Hjelmås  | NYJORDVEGEN 110       | 6480 AUKRA     |
| Karen Berg  | NYJORDVEGEN 57        | 6480 AUKRA     |
| Bjarne Harnes   | HJERTVIKVEGEN 209     | 6480 AUKRA     |
| Kirsten Hjertvikrem                                     | BREILØKVEGEN 43       | 6409 MOLDE     |
| Knut Røs øvåg   | RØSSØYVÅGVEGEN 60     | 6480 AUKRA     |
| MARIA MOLGORZATA MARTYNOWSKA                            | RØSSØYVÅGVEGEN 60     | 6480 AUKRA     |
| Walter James Danker                                     | Brekkebakken gard     | 6430 BUD       |
| Bjørg Marie Viddal                                      | NYJORDVEGEN 153       | 6480 AUKRA     |
| Karl Kristian Småge                                     | NYJORDVEGEN 154       | 6480 AUKRA     |
| Per Arne Rindarøy                                       | HJERTVIKVEGEN 195     | 6480 AUKRA     |